

EQUINOR ENERGY AS
Postboks 8500 Forus
4035 STAVANGERDato: 17.12.2018
Vår ref.: 2018/16528-3
Saksbehandlar: ambrein
Dykkar ref.: Lars Erik Pindard

Att. Lars Erik Pindard

Kulturminnefagleg førehandsuttale - bygging av landanlegg for Troll B/C elektrifisering på Kollsnes - Øygarden kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse rundt ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde for kulturminnevern.

Det omsøkte tiltaket omfattar tomteopparbeiding for ny substasjon, landfall og kablar i bakken på gnr. 45, bnr. 50, Kollsnes, Øygarden kommune. Området ligg innafør reguleringsplanen for Kollsnes industriområde, planid 1259 19910001.

Like aust for dei omsøkte tiltaka, i Budalen, er det kjend fleire lokalitetar frå steinalder og jernalder. Lokalitetane vart påviste og utgravne i samband med Troll-prosjektet på 1990-talet. Fleire av lokalitetane har uavklart vernestatus i kulturminnedatabasen Askeladden, og arkeologar frå Fylkeskonservatoren gjennomførte difor ei synfaring i området 14.12.18. To gravrøyser er framleis bevarte, sjå vedlagt kart (Askeladden id 94862 og 94863). Gravrøysene ligg i hovudsak i arealføremål parkbelte i reguleringsplanen. Dei er ikkje automatisk freda, men vi ber om at det vert tatt omsyn til gravrøysene i den vidare prosessen. Vi ber om at den nye kabeltraséen i størst mogleg grad vert lagt på vestsida av eksisterande kabeltrasé.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorAmbjørg Reinsnos
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Kart gravrøyser Budalen